

Vedtekter i kommunale barnehagar frå 01.01. 2018

§1. Eigarforhold og ansvar for drift av barnehagane.

Hå kommune eig og driv 14 barnehagar. Barnehagane vert drivne i tråd med Lov om barnehagar med forskrifter, dei retningslinjer som til ein kvar tid er gjeldande for verksemda, kommunale vedtak og vedtekter for barnehagen.

Open barnehage har ikkje opptak. Barnet møter opp saman med føresette eller ein annan vaksen person, registrerer oppmøte og kan vera heile opningstida i barnehagen.

Utval for opplæring og kultur er styringsorgan for dei kommunale barnehagane i Hå. Barnehagane er administrativt knyta til opplæring og kultur.

Barna i barnehagen har kollektiv ulykkesforsikring i tida dei er i barnehagen, samt på direkte veg til og frå barnehagen.

§2. Formål:

Barnehagen skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar og departementet sine fastsette forskrifter og retningslinjer, kommunale vedtekter og plan for den einskilde barnehage.

§3. Opptak i barnehage:

Alle barn som bur og er folkeregistrert i Hå kommune ved oppstart av eit nytt barnehageår, kan søka om barnehageplass. Alle må søkja elektronisk og ein får melding på e-post frå Hå kommune når søknaden er registrert.

Det er eit hovudopptak pr. år for tildeling av plassar frå 15. august

Søknadsfrist 1.mars.

Søknadsalternativ: 3, 4 eller 5 dager.

Barn som søker innan fristen for hovudopptak og har lovfesta rett til barnehageplass, vil få plass før ein tek inn barn som søker etter fristen.

Barn med lovfesta rett til plass (jfr. Barnehagelova § 12a), er barn som fyller eit år innan 30.11 det året dei søker barnehageplass.

Barn utan rett til barnehageplass, dvs barn som er født frå 1.desember får tildelt plass dersom det ikkje medfører auke av bemanning i barnehagen. For denne aldersgruppa blir det ikkje tildelt plassar før oppstart i august.

Du må ha takka ja til plass i barnehageportalen før du får oppstart i barnehagen. Søknaden vert annullert dersom svarfristen ikkje vert halden.

Opplæring og kultur og styrar i barnehagane gjer opptak etter gjeldande regler. Det er samordna opptak mellom kommunale og ikkje kommunale barnehagar.

§4. Opptakskriterier:

Tildelt plass gjeld fram til skulepliktig alder, dvs frå opptaksdato til 14.august det året barnet byrjar på skulen.

A. Hovudopptak, søknadsfrist 1. mars

Søknaden vert prioritert etter fødselsdato på barnet, dei eldste fyrst, og skjer etter fylgjande kriterier:

- Barn med sakkyndig vurdering etter § 13 i Lov om barnehage. Barn med omsorgsvedtak og andre vedtak fatta i fylkesnemda etter Lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 (jf. 7-2 første ledd)
- Barn i familiar med særskild store belastningar p.g.a. sjukdom og/eller funksjonshemming kan søkja om prioritert plass. Vedlegg til søknad må sendast til Opplæring og kultur med skriftleg dokumentasjon frå faginstansar t.d. PPT - kontor, helsestasjon, lege eller barnevern
- Søsken, om dei oppfyller barnehageretten, får prioritet i same barnehage. Prioriteringa gjeld ikkje det året sysken byrjar på skulen.
- Søknad om overflytting til annan barnehage i Hå kommune.

B. Supplerande opptak skjer etter hovudopptaket er avslutta. Tildeling skjer ved ledig kapasitet i den einskilde barnehage.

- Du får tilbod frå dei barnehagane du har satt på ventelista.
- Tildeling skjer primært etter alder, men må likevel samsvara med aldersgruppa som har ledig plass. Styrar i barnehagen har ansvar for dette.
- Barn frå Hå mottak og flyktningeenheten har prioritet
- Fleirspråklege barn over 3 år der begge foreldra er tospråklege, har prioritet

§5. Overflytting og endring av barnehageplass:

- For overflytting til annan barnehage må det sendas inn ny søknad. Søknadsfristen er 1.mars. Alle som får godkjent overflytting til annan barnehage mistar automatisk nåverande plass.
- Søknad om endring skjer elektronisk på «*min side*» i barnehageportalen. Ved ledig kapasitet i barnehagen kan det innvilgas auke i tilbodet gjennom heile året. Styrar i barnehagen administrerer dette.

§6. Opningstid:

- Nytt barnehage år startar 15. august og avsluttas 14.august
- Barnehagane har opningstid på 9,5 timar pr. dag. Maksimal opphaldstid for det einskilde barn er 45t pr. veke.
- Barnehagane held stengt jul- og nyttårsafta.
- Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl.12.00
- I løpet av et barnehageåret er det 5 planleggingsdagar. Barnehagen er då stengt.
- Open barnehage følgjer skuleruta.

§7. Ferie:

- Barna skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av eit barnehage år. Av desse skal barnet ha 3 veker samanhengande om sommaren.
- Barnehagane held stengt dei to siste heile vekene i juli månad. For barnehageåret 2017-18 blir det veke 29 og 30.
- Barn som ikkje skal fortsetja i barnehagen må ta ferie innan dei sluttar 14 august.

§8. Bemanning og leiging:

- Bemanning og leiging må vera i tråd med barnehageloven §17 og 18 med forskrifter.

§9. Leike- og opphaldsareal per barn:

Hå kommune har vedtak om at norm for netto leike og opphaldsareal skal vera:

- For barn under 3 år og funksjonshemma barn: 5,33 m²
- For barn over 3 år: 4 m²

§10. Foreldrebetaling:

- Det må betalast for barnehageplassen frå den tida den er tildelt.
- Kommunestyret fastsett satsar for foreldrebetaling utifrå § 15 i barnehagelova. Betalingsfrist er den 20. kvar månad.
- Søknad om redusert betaling skjer elektronisk. Gyldig dokumentasjon må leggjast ved for at søknaden skal bli godkjend.
- Søknadar gjennom året blir innvilga frå månaden etter søknaden er motteken.
- Søknad om reduksjon i betaling med tilbakeverkande kraft, blir ikkje innvilga.

§11. Oppseiing:

- Tildelt plass for nytt barnehage år, må seiast opp før **1.juni**. Ved oppseiing etter fristen, må ein betale for august.
- Oppseiing skjer elektronisk på «min side» i barnehageportalen.
- Det er ein månad oppseiings frist, gjeldande frå den 1. i kvar månad.
- Plassen kan ikkje seiast opp med verknad etter **1. april** utan at ein må betala for resten av barnehageåret.
- Ved flytting ut av kommunen kan ein behalda plassen ut semesteret.

Oppseiing av barnehageplass kan foretas av kommunen ved:

- Manglande betaling
- Dersom ein gjer urette opplysningar ved opptak
- Dersom barnet uteblir frå barnehagen i lengre tid utan at personalet blir varsla

§12. Kommunal kontantstøtte

- Mottar ein kommunal kontantstøtte, har ein sjølv ansvar for å melda i frå når ein tek i mot barnehageplass Feil utbetalt kontantstøtte må betalast tilbake.
- Ved delt kontantstøtte/barnehageplass vert opphaldet tildelt slik det passar for barnehagen.

Søknadsskjema for barnehageplass: <https://ha.ist-asp.com/hapub/login.htm>

På <https://www.ha.no/barnehage-og-skule/barnehage/> finn de lenker til:

- Søknadsskjema for redusert betaling
- Informasjon om betaling for barnehageplass i Hå

Utval for opplæring og kultur 23.11.16